

Arne Eriksen

16. juni 2011

Liv Paula Halvorsen

Krāvasslia 47

5134 Flaktveit

aerix@online.no

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

nve@nve.no


Fråsegn – Søknad om løyve til bygging av Espelandselvi kraftverk i Granvin herad, Hordaland – høyring.

Underskrivne er grunneigarar på Espelandsdalen gnr 99 bnr 22 sjå kart neste side. Me er naboar til Espelandselvi om lag $\frac{3}{4}$ km aust for brua. Eigedomen har 90m strandline og fiskerett.

Me må seia oss svært bekymra og uroa over at det vert søkt om utbygging av Espelandselvi og Espelandsfossen. Etter vår meining vil dette føra til heilt uakseptable inngrep i eit natur- og kulturlandskap som heller burde verdsetjast og takast vare på.

Me har lese søknaden frå Småkraft AS med vedlegg og miljørapport. Me noterer oss at rapportane må vera nokre år gamle og at delar av undersøkingane i marka har gått føre seg på ein tid av året der det ikkje er mogeleg å skaffa seg godt nok innsyn i til dømes flora og fugleliv. Dette finn me ikkje tilfredsstillande.

Me har elles følgjande kommentarar:



Kartutsnitt Espelandsdalen. Kjelde: Granvin herad.

Vassføring

Me har notert oss at det skal vera vassføring i Espelandselvi også etter utbygging. Me skulle gjerne sett at konsesjonssøknaden hadde sagt noko om minstevassføring i % av noverande vassføring. Så vidt me kan forstå vil vassføringa verta redusert med 50 % i nedbørsrike periodar om sommaren. I turre periodar om sommaren og i resten av året betydeleg meir. Me fryktar sjølvst at fossen vert skifta ut med røyrgate og at vassrestane knapt vert synlege.

Me saknar særleg ei meir inngåande vurdering av konsekvensane for auren i Espelandsvatnet. Kva vil til dømes eventuelle temperaturendringar i vatnet – på grunn av kraftverket – ha å seia for fisken sine vekstvilkår? Kva med slike endringar kombinert med andre klimaendringar? Og kva med gytevilkåra? Rapporten tek etter vår meining alt for lett på dette spørsmålet. Sjølv om fisken i dag er liten, må ein gjera betre greie for kva for alternative gyteplassar som finst, og kva som i denne samanheng er dei konkrete konsekvensane av eit turrlagt elvefar.

Fossesprøytsone / fosse-eng

I miljøundersøkinga er det identifisert fossesprøytsone / fosse-eng under Espelandsfossen. Så langt me kan sjå er ikkje naturtypen godt nok kartlagt i høve biologiske mangfald. Det går til dømes fram av rapporten at det er "et visst potensiale for funn av sjeldne fuktighetskrevenne moser". Dette må undersøkjast før eventuelle inngrep.

I følge den nye "Norsk rødliste for naturtyper 2011" har fosseberg og fosse-eng status som nær truga. Denne naturtypen er naturleg nok særleg truga av vasskraftutbygging. Det er tvilsamt at fosse-engen ved Espelandsfossen vil tåla ei utbygging.

Status som nær truga er ei vurdering som byggjer på nasjonale tilhøve. Etter vår meining er det avgjerande for ei god naturforvaltning at slike naturtypar vert vurderte også i eit lokalt og eit regionalt perspektiv. Altså: kor mange slike førekomstar finst i Granvin og i Indre Hardanger. Dette er ikkje kommentert i det heile.



Til venstre eit klassisk bilete av Espelandelvi og Espelandsfossen. Fotograf er G. Tveiten frå Ulvik. Til høgre 14 dagar gammalt foto der me kan sjå at grunneigar har tatt ned skog slik at elva og fossen no igjen vert godt syneleg frå fylkesveg 572. Ein lyt tru at også generasjonane etter oss kan ta eit slikt bilete og oppleve dette.

Landskap

Landskap må vurderast som ein heilskap. Einskildelement som elv og foss kan ikkje rivast laus frå sin naturlege kontekst. Espelandsfossen inngår i eit unikt kultur- og naturlandskap i Espelandsdalen der fossen er sjølv krona på verket. Me er av dei som meiner at eit landskap har sin eigen identitet. Om fossen i Espelandsdalen forsvinn vil såleis dalens eigenart og heilskapplege uttrykk også gjera det. Det gjeld også for stølsområdet kring Botn seter.

På Wikipedia si liste over dei 100 høgaste fossefalla i Noreg (mange av dei allereie utbygde) har Granvin to fossar: Skjervefossen (nr. 93) og Espelandsfossen (nr. 94). Samla høgde i Skjervet er 135 meter medan Espelandsfossen er 5 meter lågare. Espelandsfossen har likevel høgste fall med 100 meter. Dei urørte fossane på denne lista må seiast å vera ein slags raudliste over natur som me har plikt til å ta vare på.

I dette landskapet inngår også vegane. Vegen over Espelandsdalen var ferdig i 1901. Th. S. Haukenæs hadde følgjande betraktning om vegprosjektet: *”Når denne Vei engang bliver færdig, vil den utvilsomt blive meget befærdet af Lystreisende og Fremmede, der kommer for at se Hardanger, da Naturomgivelserne er smukke og tiltalende, ...”*

Rekreasjon / friluftsliv / reduksjon i inngrepsfrie område

Av avsnittet over vil ein sikkert forstå at me vurderer Espelandsdalen med foss og elv som Granvins perle. Det er ein fjelldal der turfolk og turistar finn ein unik kombinasjon av vatn – vassdrag – foss – støl integrert i eit stykke inngrepsfri natur nordover mot Olsskavlen og Raundalen. Her finst eit samanhengjande system av botnar etter smelting av lokale isbrear; Botn – Nordbotn – Vestrebotn – Trollabotn. Verdien av å ta vare på dette landskapet overstiger etter vår meining langt vinsten ved å byggja ut.

I konsesjonssøknaden gjer ein eit forsøk på å få det til at den påtenkte anleggsvegen vest for fossen skal verta innfallsport til fjellet. Slike innfallsportar finst det allereie mange av. Frå Liaset er det skogsveg til Olastølen. Gjennom Tyssedalen er det merka turløype over Fallet til Mjølfjell, men merk at elva gjennom dalføret forsvinn i ein tunnel. Til Solsæ er det råd å kjøra, sykla eller gå – her er elva turr. Til Osafjellet er det godt vølt anleggsveg til 1200 moh – på grunn av vasskraftutbygging sjølvsagt. Då må det vel kunne vera slik at me også skal kunne ta oss til fjells på stølsveg, som ikkje har vore i mykje bruk dei siste åra.

I Bergen Turlag si årbok frå 1949 er rutene frå Raundalen via Trollavatn eller Olsskavlen skildra. Ned frå Olsskavlen kan ein oppleva *”den kjempemessige amfiteatraliske dal”* (Vesterbotn). Og denne dalen er ikkje vekke. Dei siste snøfattige vintrane har gjort opplevinga endå meir fantastisk. Me tilrår turen som igjen i følgje årboka frå 1949, endar på sti ned til Botn seter og der etter på stølsvei ned til landevegen.

Oppsummering

I følge konsesjonssøknaden vil utbygginga av Espelandselvi gje små positive samfunnsmessige verknader på kort sikt. Samstundes går det fram at naturinngrepa kan få negative konsekvensar på lengre sikt. *"Dette begrunnes delvis med at Espelandsfossen vil miste mye av sin verdi som turistattraksjon"*, for å sitera søknaden. På grunnlag av dette og at konsekvensane på fleire område ikkje er godt nok vurderte finn me det urimeleg at NVE skal godkjenna konsesjonssøknaden.

For oss er det heilt uforståeleg at landskapskvalitetane på Espelandsdalen skal monaleg reduserast, og at natur skal skiftast ut med turr elv, røyrgate og dam.

Med vennleg helsing

Liv Paula Halvorsen
sign

Arne Eriksen
sign

Kopi: Granvin herad
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune
Naturvernforbundet i Hordaland